

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

Nr. 1/2 –
Oktober 2009

I dette nummeret kan du lesa om fylgjande:

- s. 2 Nytt frå Venelaget!
- s. 3 Litt om Hauge sitt dikt "Oppskoke"
Av Johs Bleie
- s. 6 "Han er der" av Halldis Moren Vesaas
Presentert av Johs Bleie
- s. 8 "Ved Olav H. Hauge sin bauta"
Dikt av Steinar I. Bergo
- s. 9 "Olav, Christa og eg"
Av Liv Marit Dalen Goldstein
- s. 12 "Møte med Hauge"
Av Jarle Fanebust
- s. 22 Referat frå styremøte 17. november 2008
- s. 25 Referat frå styremøte 9. februar 2009
- s. 28 Referat frå styremøte 18. juni 2009
- s. 30 Artikkel av Olav H. Hauge
- s. 31 Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge
- s. 32 Styret og adresser



NYTT FRÅ VENELAGET!

År med store markeringar ender gjerne brått. Og 2008 enda svært brått, med avgangen til Ida Holen, til då dagleg leiar ved Dokumentasjonssenteret Olav H. Hauge i Ulvik. Venelaget Olav H. Hauge hadde ikkje anna val enn å prøva å leva opp til Hauge sine ord om å leva i kvardagen, sjølv om framifrå aktørar som Holen og Kristin Helle Valle i Hauge–Tveitt-jubileet 2008 gjekk av scena. Me opplevde òg skifte i eigne rekkjer: Styreleiar Øystein Hide fekk statleg forfattarstipend, forsvann til Cambridge og vart etter eige ynskje degradert til nestleiar. Den forrige nestleiareren Ågot Gammersvik trakk seg ut av styret, og Brit Valland, mangeårig primus motor som styremedlem, gjekk òg ut. Men valkomiteen skaut blink i jakta på nye folk, og det noverande styret, med varafolk, har alt lagt ned stor innsats i arbeidet for å fremja Olav H. Hauge og diktinga hans.

Tildelinga av Hordaland Fylkeskommune sin hovudpris som årets kulturarbeidar for 2008, gjorde i tillegg at me fekk nye glød. 2010 vil sjå ei rad nye prosjekt og tiltak i Hauge sitt namn, og den som er medlem får sjå.

Men alle ideane og prosjekta våre må avspegla interessene og ynskjene til medlemene våre, og difor er det viktig at me høyrer meir frå dykk enn har vore tilfelle so langt. Me oppmodar alle om å sende oss innspel, og vert ekstra glade om de sender oss e-post adressane dykkar (for dei som har slikt), slik at me kan få til ei meir effektiv formidling og utveksling av idear. Heimesida vår vert no drifta av dform.no, og grunnlaget er dermed lagt for ei naudsam og kreativ utvikling på den fronten.

Me takkar dei som har gått ut av styret for ei framifrå innsats for å fremja namnet og diktinga til Olav H. Hauge, og ser fram til å høyre frå medlemene våre – nye som gamle. Nettadressa vår er som før www.venelagethauge.no, og e-postadressa er no: post@venelagethauge.no. Nytt hefte kjem like før jol!

LITT OM HAUGE SITT DIKT “OPPSKOKE”.

AV JOHS BLEIE

Diktet Uppskoke er henta frå den fyrste diktsamlinga til Olav H. Hauge, *Glør i oska* frå 1946. Diktet hadde då 22 strofer og er ei folkelivsskildring frå Ulvik, knytt til tradisjonen med oppskoke (ølsmaking, øltesting). Som harding må eg nok seia at ei oppskoke i Ulvik i dei dagar var meir hardhendt enn dei oppskokene eg har vore med på i Sørfjorden i Hardanger i nyare tid!

Dette diktet er òg med i *Dikt i samling* frå 1985, men no er det på 18 strofer. Ei strofe er mykje endra:

I 1946 heiter det i originalutgåva, strofe 5:

Det frettet i grendi
som alt plar gjera –
kva tid oppskoke-
kvelden sku vera.
Grannar og bodslott,
tyrste og fuse,
stemnde den kvelden
til bryggehuset.

I 1985 lyder strofe 5 slik:

So onna dei på
med kjempenupp,

til kvelden kom
det skal skakast upp.
Grannar og bodslott,
tyrste og fuse,
stemnde då mannjamt
mot bruggehuset.

Desse fire strofene frå *Glør i oska* er ikkje med i *Dikt i samling*:

– Far din var tjuv,
sa smeden til Kåren.
– Veit ikkje du
at far din var skoren?
Far og mor hev eg,
sa smeden og kytte,
– men skyrkvemmer kom til i ei bytte. (strofe 17)

Han rauk i hedna
på Nils og huva.
Men han sette Peisen
på hov'e i gruva:
– No kann du gå
på strok um du treng.
– Ho Marta tek gjerne
fan i seng. (strofe 19)

Leid fram på morgonen
stavra dei ut,
han Nils og han Lars,

han Hans og han Knut.
Dei reita og remja
og huja og suta
til månen som drog
yver Kvasshovd i ruta. (strofe 21)

Inne med gilen
låg Torstein og sov,
Men på hi sida drengen,
Gud skje lov.
Gilen var tom,
og ausa var klovi,
då soli keik inn
gjenom sprekka i novi. (strofe 22)

Ordtydingar:

Bodslott = ubeden gjest

Skoren = gjeld, kastret

Skyrkvem = mann frå Kvam (utnamn)

Reita = krangla

Suta = huja sterkt og lenge

Ein kan gjerne undra seg over at *Dikt i samling* manglar desse fire strofene. Meinte Hauge at han hadde vore vel nærgåande mot folk i Ulvik? Hadde forlaget hans rådd han til å ta bort desse strofene? Har det skjedd ein feil i ombrekkinga i trykkeriet (dette kan berre gjelda strofene 21 og 22)? Same kva, når hardingar møtest til oppskoke i dag, er det to dikt som vert siterte, og det er *Sidervisa* av Bjarne Ljones og Uppskokediktet til Olav H. Hauge.

“HAN ER DER” AV HALLDIS MOREN VESAAS.
PRESENTERT AV JOHS BLEIE

Han likte å snakke, han òg,
når han først kom i gang.
Men alt til si tid.
Stundom burde snakk forbydast.

På ein tur på veg heim til han
syntest han at jentene i baksetet
skravla for mykje.
Han snudde seg og kvesste i:
”Sjå på Sørfjorden, for faen!”

Om vi kjørte same vegen
no når han er borte
ville vi visst teie og berre sjå.
Sjå på Sørfjorden
og alt vi hadde kring oss vidare innover
og når vi kom fram.

For i alt vi såg
frå hans vegar og hans tun
ville det vere han
vi søkte og fann.

Innsmidd i det,
innsmelta i det,
eitt med det
ville vi sjå
Olav H. Hauge
og hans dikt.

Dette minnediktet av Halldis Moren Vesaas står i *Livshus*, utgjeve av Aschehoug forlag i 1995. Halldis Moren Vesaas døydde 8. september same året. Det var nær kontakt mellom Hauge og Vesaas-familien gjennom mange år i form av brevveksling, forfattarsamkomer og vitjingar i heimen. Tankane går attende til utdelinga av Ambolt-prisen til Erling Læg Reid i 2006 og den ugløymande talen han heldt, der han mellom anna skildra møtet i Vinje mellom Hauge og ekteparet Vesaas. Halldis var konsulent på nokre av bøkene til Hauge, og av dagbøkene hans ser me klårt at han sette henne høgt på alle vis. Halldis Moren Vesaas fekk oppleve den store gleda at ho i høg alder, etter mange år med lyrikktørke, atter kunne skriva dikt av finaste slag. Diktsamlinga *Livshus* er eit døme på det, og me i Venelaget må vera takksame for at ho i det siste leveåret sitt reiste eit slikt minne over Olav H. Hauge.

(Diktet er prenta med løyve frå Aschehoug.)

”VED OLAV H. HAUGE SIN BAUTA”.

DIKT AV STEINAR I. BERGO

Som ein Odin sat du i ditt Lidskjalv
og såg elvi burtom fjorden
og skautet på Vassfjoro.
Men ramnane dine flaug vidare
til Tao'Chien i China og Bertolt Brecht.
I hagen dyrka du eple og vers.
Du trivdest best i skuggen av kirsebærtreet,
men gløynde aldri at musøyra òg er eit tre.

No kneisar monolitten mot himmelen.
Sjølv har du ride heim dit alle orda kjem frå.
Bautaen er berre glansen av den store eld.
Han minner om ein mann på veg
frå Handelslaget til ein hageflekk,
ein brynestein og eit univers.
Du var ein diktar berre, med ei rive,
som i ditt Valaskjalv let tankar svive.

Lidskjalv = stolen der Odin sat og såg utover verda

Valaskjalv = namnet på salen der Odin budde

”OLAV, CHRISTA OG EG”. AV LIV MARIT DALEN GOLDSTEIN

Denne historia har me fått vidarsendt frå Steinar I. Bergo, medforfattar av fjorårets framifrå bok *Olav H. Hauge og bygda*. Bergo legg til at Hauge i dagbøkene skriv ”Christa” som ”Christo” (bind 3, s. 466–470, og eit par gonger seinare). ”Det går fram at Hauge var fascinert av Christo”, seier Bergo. Om det er andre som har liknande, gode historiar om møte med Hauge, vil me gjerne trykkja dei i komande hefte!

Eg arbeidde ved Ulvik Turistkontor i to sesongar på sekstitalet, frå april 1968 til oktober same år, og frå mai til september 1969.

Eg er ikkje heilt sikker på kva for eit år det var eg trefte Olav H. Hauge, men eg meiner det må vera siste året, altså 1969.

Denne sommaren kom det ei ung, tysk dame til Ulvik. Ho heitte Christa Daniels og var frå Hamburg, og eg trur ho måtte ha vore mellom 25 og 30 år. Christa hadde langt, lyst hår og blå auge og var ein tiltrekkjande person. Ho var tekstildesignar, og reiste rundt i Noreg for å få inspirasjon frå gammalt norsk og samisk kunsthåndverk. Ho laga mønster og sende til oppdragsgivar i Hamburg. Eg hugsar godt eit vevd teppe i gult og raudt som ho hadde i bilen (sjølvsagt VW), og at ho laga eit mønster med bjørnar då ho var i Ulvik.

I Ulvik leigde ho eit lite, eldre hus, som nok var tenleg berre til sommarsbruk. Dette huset låg på oppsida av vegen, litt lengre inn på flaten enn der Olav H. Hauge sitt hus ligg, så vidt eg kan hugsa. Kan henda det var på familiegarden til Olav? Eg er ikkje så kjend i Ulvik

lenger at eg kan seia noko om det, men det kan jo vera ei årsak til at Christa og Olav vart kjende.

Eg går ut frå at eg vart kjend med henne ved at ho kom inn på turistkontoret. Vi var mykje saman dei vekene ho var i bygda. Det vart tidleg klårt at Olav H. Hauge fatta interesse for Christa. Ho vart beden heim til han mange gonger, og eg var med som anstand, då Christa faktisk var litt redd for å vera åleine med Olav. Ho tykte han var for intens, og han var jo dessutan dobbelt så gammal som henne.

I stova til Olav sat han alltid i ein lenestol til høgre, og vi sat på meir eller mindre faste plassar framfor han. Vi snakka mest om livet og om dikting medan vi gjekk gjennom ein god del raudvinsglas og siderflasker. Eg var berre 19 år og var vel ikkje i stand til å føra dei mest filosofiske samtalene, men eg syntest at det var interessant å høyra på han. Nokre av samtalene må ha gått på norsk, for eg hugsar ting han sa på norsk. Vi snakka både engelsk og tysk òg, det siste var helst ei plage, for då kunne Olav vera heilt taus i fleire minutt før han kom på kva som var rett kasus!

Ein gong snakka vi om å reisa. Olav lika godt å høyre Christa fortelja frå sine reiser, men sjølv syntest han at han hadde nok med å reisa til Øystese, han nemnde det som ein av dei store turane han hadde tatt. Men som han sa: "I travel in my armchair."

Ein annan ting som eg hugsar godt og beit meg merkje i til seinare påminning til meg sjølv når eg har arbeidd med litteratur, er at han ikkje lika at folk analyserte dikta hans i hel. Han tykte det vart litt for mange brev frå folk som hadde "forstått kva han meinte". Han nemnde som døme ei jente som skreiv til han om diktet "Stabbesteinar" (trur eg det heiter, eg har ikkje den diktsamlinga). Ho hadde funne ut at vegen han

skreiv om var eit bilete på livet, og at stabbesteinane var å likna med livets milepælar. ”Eg skreiv no om stabbesteinar, eg”, sa Olav turt. Ein dag såg eg Olav strena inn i bokhandelen og vart der lenge. Han hadde ryggsekk på, hugsar eg. Det var jo ikkje så titt vi såg han nede i sentrum, så det var noko ein la merkje til. Om kvelden var han svært oppglødd og høgtidssam, og sa at han hadde ei gåve til Christa. Høgtideleg overrekte han ei tysk-norsk lommeordbok! Christa takka og let vel, men etterpå sa ho at ho faktisk alt hadde kjøpt ei mykje større ordbok. Ho syntest det var ei puslete gåve! Men både ho og eg fekk diktsamlingar av han. Eg fekk *Seint rodnar skog i djuvet* med dedikasjon. Dette er ei av dei kjæraste bøkene eg har.

Etter kvart vart nok Olav litt for pågåande overfor Christa. Han gav seg til å luska rundt huset hennar og ville vitja henne. Dette lika ho dårleg. Ho kunne ikkje tenkja seg noko romantisk eventyr, sjølv om ho var interessert i han som person og som ven.

Christa drog vidare, og eg slutta å vitja Olav. Eg fekk eit par postkort frå Christa, men så mista vi kontakten. Eg trur eg har den gamle adressa hennar i Hamburg ein eller annan stad, men det er rart å tenkja på at ho no sikkert nærmar seg 70 og sjølv sagt ikkje er å finna der. Eg er ikkje sjølv nokon ungsau lenger heller, og Olav er borte for godt. Men den sommaren vi hadde i lag vil nok sitja i minnet lenge enno.

“MØTE MED HAUGE”. AV JARLE FANEUST.

Våren 1974 var siste halvåret mitt på gymnaset. Eg var kamerat med Jens Morten Haukaas. Me gjekk i parallellklassar på Voss. Eg hadde vore med han ein eller fleire gonger til Ulvik, og møtt Olav H. Hauge før. Men denne kvelden var me inne hjå OHH lenge utover natta. På den tida skreiv eg ned ulikt som hende meg. Og denne kvelden i månadsskiftet april/mai har eg gjeve att nokså detaljert. Det var slik eg skreiv det ned den gongen, tett inn på 19 år gamal. Og eg har ikkje endra på det. Som det heiter: "Bruk ikkje sandpapir, der visshøv kniv har skore ...". Kor visshøv den kniven har vore, kan nok diskuteras, men eg har ikkje finpusa det eg skreiv – so det kan no vera eit tidsbilete.

Tysdag 30. april, kvelden. Jens og eg går opp snarvegen. Me tek det med ro, går over kyrkjegarden. Der er ei ny grav. Og me ser på hengjebjørka. Alt er grønt og fint. So opp gjennom hagen til Hauge. Han har fått ny staur, impregnert. Skal setja opp nytt gjerde. Den gamle notgarden ligg noko nede. “Men han sa etterpå”, fortel Jens, “at han kunne visst greidd seg med eigne stokkar, for dei var dyre dei frå byd’n.” Me går under epletrea. Der er blomster somme stader. Og mykje som er i ferd med å springa ut. Hagen her er ikkje stelt. Hauge har ikkje klypt greinene. Me kjem opp til det gule huset. Ein benk står framfor. “God å sitja i”, seier Jens. Hauge fekk teikningane av ein prest eller noko slikt. Tysk type. Veldig god benk. Og so lagde han to. Under eit vindauga heng eit fuglebrett. Me går på oppsida av huset. Der er stor hage ovanfor. Fine tre. Ei åkerrand som han har vatna. Slangen går bort under eit tre og er festa til ei hagesprøyta. Hoggestabben står i tunet. Og eit lite rundt bord:

ei tønna med ei jernplate på. Me bankar på døra. Ikkje svar. Jens går inn. Ingen der. Nei, Jens trur Olav er borte hjå ein nabo og ser Onedin-linja, ein engelsk fjernsynsserie, for han hadde sagt at Jens måtte følgja med i den.

Klokka er halv åtte. Så me går rundt og ser oss om. Ser på epletrea. På eit tre veks det blomster rett på sjølve stammen. Me går inn på låven. Der er laupar, to nye og to gamle. Og eplekassar. Ei vekt. Hesjestrengbuntar. Jens ser etter om der er hesjestreng på ein pinn. Han meiner han har sett det ein gong, men finn han ikkje no. To kjerrer er her. Når bilen frå Gartnarhallen kjem inn på tunet, trillar dei kjerrane ned låvebrua. Løfter me blikket inne på løa, ser me rett opp i takhellene. Me let att etter oss. Luka til siloen er vanskeleg å få kroken opp på. Her står to strengbuntar. Ei selja hadde vakse inn i ein av dei. Og Olav hadde måtte hogga ho ned. Me går bort til huset att. I skuret utanfor, ved trappa, heng ei sag og ei skredla til å skremma fuglane med. Og ei jakke og ein islendar på veggen. Og ein islendar heng på rekkverket. Nede ved trappekanten står ein løvetann. Kunne lett vorte trakka på, men er det ikkje. Me går nedom huset. Ser på trea. Slangen til vatninga kjem or kjellaren. Ut kjellardørsglaset. Hauge set ei plate for om vinteren, seier Jens. Jens malte huset i fjor sommar. Han har sett namnet sitt høgt oppe under takskjegget. Me ser på nokre staur som Hauge har hogge. Og står ved tekkja og lyder. Alt er stille, stille. Einast fuglane som syng. Ein hund gøyr ei stund. Og so stille att.

“No kjem vel Ola snart”, seier Jens. Og so ser me bortetter vegen. Der kjem han. “Hei”, seier Jens. “Håh”, seier Hauge. Han høyre rest glad ut. Eg kjem og framom husnóve, står attved Jens. “Hå, der er Fanebusten og”, seier Hauge. Han kjem burt til oss, grøn skjorte og brun bukse. “Eg var

bortom og så Onedinlinja”, seier han, “eg såg det tilfeldigvis i Dagbladet at det skulle vera i dag, og ikkje i morgon som vanleg, for då er det 1. mai. Ja, det var harde tider. Dei hadde det stridt. Men de må koma inn”. Jens går inn, so Hauge og eg. Olav H. set treskoa utanfor døra og tek islendaren inn. Me går inn i stova. Kaminen. Og so ein benk. Ein stol med leselampe over. Og bord med tre stolar rundt, ei bokhylla ved bordet, full av bøker. Kråskapet med ambaren opp på, som på biletet. Vindauga mot fjorden, kvite gardiner. På bordet er mange pennar, gul duk, nokre skåler med blyantar og slikt. I ein krok står ei hylle. På den ein platespelar. Ein høgtalar på veggen. Og så mellom vindauga og bokhylla over bordet: Astrup-biletet Vårnatt i hagen. På den andre veggen, motveggen til vindauga: Det biletet han fekk saman med Kriticarprisen, eit tresnitt truleg. Nokre småbilete på ein tredje vegg. Attved vindauga: eit fotografi, ser det ut til å vera, – i glas og ramma: ei blåklokke mot månekula. Tømmerveggar. Olav Hauge tek på seg ei jakke. På stolen ligg to eksemplar av *Syn og Segn* nr. 4. Nett kome. Jens og eg har ikkje sett dei før. Hauge har site og sett over dei fire dikta han har omsett av Paul Celan. Dei er trykte der. Han gjev Jens og meg kvart vårt. Om me les noko i dikta. Eg seier: “Det ‘Salme’ var eit merkeleg dikt”. “Ja”, seier Hauge, “det er eit av hans mest berømte, ingenmannsrosa, die Niemandsrose”. Jens spør om han har omsett noko meir. Hauge seier: “Nei, det er no det som kjem i amerikanummeret då, veit du. Det kjem vel i mai, ja i mai, plar koma i slutten av den månaden, ja det er berre eitt nummer som har kome hittil i år. Ja, Paal Brekke sa: ‘Jeg kjøper aldri tidsskrifter. Om de ikke vil sende dem til meg, får det bare være, – jeg kjøper ikke tidsskrifter.’” – “Men det kunne no vera lett for han å seia, han som bur midt i byen, der kan ein no lesa tidsskrifte aller stader”, seier Hauge, “når ein bur lenger vekke må ein fint betala for dei.”

Me sit ei stund. Hauge seier: “Såg de den artikkelen i Dagbladet i dag? Den av Jon Hellesnes om Libertas og Aristoteles. Ein god artikkel. Eg plar no ikkje klyppa ut so ofte desse artiklane, men eg trur eg vil klyppa ut denne”. Han går litt att og fram på golvet, og det dyn i kaminen, som i diktet ‘Golv’. Han syner oss antologien: “La tusen blomster blomstre”. Den er nett komen. Her er tre-fire dikt av Hauge. “Men ikkje alle er direkte politiske i denne samlinga”, seier Hauge, “men sjølvsagt: det forlaget er vel stifta på eit slag politisk grunnlag, eg veit der var somme som ikkje ville senda inn av den grunn”. – Frå bordet mellom kråskapet og bokhylla tar han ned siste nummeret av tidsskriftet *Massachusetts Review*, ei tjukk bok. “Ja, dei har god råd i Amerika”, seier Hauge, “ho kjem med fire tjukke bøker i året”. I dette nummeret som han har fått tilsendt av Robert Bly, har Bly sett om to dikt av Hauge. Det er: ‘Eg ser på stempelen på fyrste brevet ditt’ og ‘Tid å hausta inn’. Eg les litt. Og her er sett om av Rolf Jacobsen: ‘Glassbutikken’ og eitt til. “Kjem Jacobsen med ny samling snart?” Men Hauge veit ikkje: “Kan henda? – han har no vore og reist i Nord-Noreg no, med Vold, – jau, det hadde visst gjeenge fint det”.

Eg nemner den islandske omsetjinga i samband med denne amerikanske, eller kanskje var det Hauge sjølv som kom inn på det. I alle fall hadde eg høyrte noko frå det på radio. Jau, Hauge hadde sett den boka, for Stegane hadde henne. Og då han var i Bergen hadde han snakka med ho som var lektor i islandsk ved universitetet. Ho var ikkje nøgd med omsetjingane. Og det var ikkje Idar Stegane heller. For i Hauge sine dikt hadde språket vorte mykje meir blomstrande, men mange av dikta hans er meir kaldsmidde. Og ho lektoren i islandsk sa at den omsetjaren var ein heller ring lyrikar sjølv og. “Jau, Orgland likte han kan du vita”, seier Hauge, “Orgland har no omsett noko av han, òg ... men denne Orgland”, held

han fram: “nokon hadde vitja Ivar Orkland ein kveld, då hadde han berre lese eigne dikt, heile kvelden, ikkje gjort anna.” Men attende til denne islandske omsetjinga. Hauge er halvt sint, og seier: “Der er berre to nynorske lyrikarar, og det er Tor Jonsson og eg. Det er so fint uttenkt. For det er ikkje gjort på måfå. Nei, dei vil ikkje ha noko med gamlelandet å gjera, deira kultur er berre deira eigen. Dei vil ikkje vita av det at islendingane kjem frå Noreg. Og nynorsk som ligg so nær opp til islandsk, vil dei ikkje vita av. Eg veit islandske lektorar som har vore i Noreg, – dei har ikkje visst det var noko som heitte nynorsk. Nei, dei skal berre vera seg sjølve. Ikkje vita noko av nordmenn. Ein ser det hjå Laxness. Eg har no berre lese det som er sett om av han. Han høgg til nordmennene so snart han får høve til det. Slik var det ikkje før, då eg var ung, då sa endåtil dei mest lærde på Island at ættesogene var norsk/islandske. Dei var komne frå Noreg”.

So syner Hauge oss den franske antologien. Her er Økland, Vold, Johannesen, Obrestad (‘Strandsong’ bl.a), Hauge, Haavardsholm, Jacobsen. Hauge går att og fram på golvet, stundom ut på kjøkenet. Me ser i den franske antologien. “Ja, eg var til Bergen”, seier han og fortel: “Var no fyrst på Beyer og på Studia og kjøpte nokre bøker”. “Kva då?”, spør Jens. “Nei, det er’kje noko å snakka om”, seier Hauge, halvt fråverande som om han mest ikkje hadde høyrte det. Og held fram: “Og so var eg då på Universitetet, hjå Georg Johannesen. Jau, salen var full den, berre nokre få plassar att. Hadde vel kanskje vore fleire om det ikkje hadde vore for det politiske møtet, Libertas, den kvelden. Dei som var politisk interesserte gjekk vel helst dit. Men me prata no. Eg – og Johannesen prata. Om alt mogleg”, seier Hauge og ler. “Me var alle stader, innom kinesisk diktning mellom anna. Eg veit ikkje kva studentane fekk ut av det, men det var no moro. Og det var ikkje eitt spørsmål, då me

var ferdig, ikkje eitt”. Hauge ler når han tenkjer på den kvelden. Dei hadde vore hjå Stegane om dagen, drukke kaffi der. Han bur i Fyllingsdalen. Deretter hjå Georg Johannesen. Dei hadde snakka om målarkunst. Og bøker. Dei var vel brukte. Hauge hadde spurt om Johannesen hadde lånt dei ut, dei var so velbrukte. Men det var ikkje so mykje det. “Du fer finare åt med dei du”, hadde Stegane sagt. – Og dei hadde snakka om dikting. Georg Johannesen syntest ikkje Bjørneboe var nokon forfattar, at han skriv dårleg. Nei, Bjørneboe var ikkje noko. Derimot hadde Johannesen veldig respekt for Jan Erik Vold. Når Vold retta noko i dikta til Hauge, so følgde ikkje Hauge alltid Vold, men oftast såg han at han hadde rett. Hauge hermar etter Johannesen for Johannesen sa: “Jeg følger alltid Vold. – Han er så grundig. Han arbeider så intenst”. Nokon hadde sagt til Johannesen at den siste boka til Vold, den hadde vel Vold skrive på eit blunk. Men då hadde Johannesen protestert: “Nei, nei – han arbeider grundig med diktene sine”. So hadde dei no site hjå Johannesen utover natta, for han hadde raudvin.

Hauge hadde møtt Fidjestøl på Universitetet. Kittang hadde han ikkje sett. Men han hadde snakka med den svenske lektoren som etterfølgde Johanna: “Ho var noko morsk. Johanna Schwarz var no blid og omgjengeleg, ho”.

Økland og Arild Stubhaug kjem til Hauge no med helga, dei skal på slik rundtur. Og so ville dei koma til Ulvik laurdagen. Vidare til Voss sundagen. “So eg får reia opp til dei ovanpå”, seier Hauge, ”ja, der har no lege folk før. Jan Erik Vold har no vore her tre gonger. Sist hadde han veninna si med seg og”.

Jens er tørst etter sykkelturen, og han går ut på kjøkenet etter litt vatn. “Ja, vent no litt, so skal eg finna noko sider”, seier Hauge og går ned i kjellaren. Me er ute på kjøkenet, eit stort kjøken, og drikk vatn. Og ser oss so om inne i stova. Ser på bileta. I bokhylla: ordbøker i tysk, fransk, latinsk, gamalnorsk, riksmål, nynorsk, – *Filosofisk leksikon*, *Litterært leksikon*, *Lyriske strukturer*, *Stil og struktur*, *Ord-form-mening* (på første sida står: Kjære Olav H. Hauge. Her skal du få lære meir om deg sjølv, helsing Willy), ei tjukk bok: *World Mythologi*, *Poesi 14x14*, *Lyrikkboken*, *Norsk poesi*. Hauge kjem att med tre glas og ei mugge. Slår oppi sider til oss og me smakar. Jens seier til Olav H. at eg ikkje har smakt sider før. Me set ned ved bordet. Eg sit på den stolen nærast leselampen og vindauga. Det byrjar mørkna ute.

Hauge fortel at dei hadde grensegang her hin dagen. Grensa skulle gå midt etter vegen. Det var feilteikna i nokre dokument, men i eit arkiv i Oslo låg dei riktige linjene. Dei hadde sagt at det ikkje var noko å bry seg med, nokre centimeter. So dei hadde avgjort det der og då. Og det stemde med garden som faren hadde sett opp. – Jens og Hauge sit og pratar om ulvikingar. Hauge fortel om ein han hadde lånt bøker av då han var liten. Hadde lånt kvar sundag. Han hadde nokre søsken som var so strenge. Dei held til på bedehuset. Hauge undrast korleis det vil gå med bokhandelen her nede no, om dei berre kjem til å selja bøker frå Lutherstiftelsen. Nei, det trur no ikkje Jens. “Nei du veit”, seier Hauge, “han som var her før han selde no alt om ein annan, også ... ja all slag slike blad ...”. “Kriminaljournalen”, seier Jens. “Ja – har du lese i det, nei nei. – Det er so grovt, nei nei”, seier Hauge. “Har du lese meir av Henry Miller?” spør Jens. “Ja eg har no lese ein del. Eg trudde eg hadde lese alt, men Johannesen viste meg somme som eg ikkje trudde var sett om til norsk. Dei hadde kome ut på eit lite kjent forlag. Men mange les no Miller berre

for pornoen, ikkje for filosofien hans”. “Ja, dei var utlånte på Voss”, seier Jens. “Ja det trur eg nok” seier Hauge. “Johanna likar slike bøker”, seier Jens, “eg har snakka med henne om det.”. “Ja, det vil eg nok tru”, seier Hauge, “for katolikkane er ikkje so trongsynte soleis. Du høyrde no berre den historia ho fortalde då eg var der, då me åt middag hjå henne”.

Me drikk sider. Hauge hentar mugga att og fyller opp i til oss og seg sjølv. Det mørknar ute. Eg seier: “Det er eit dikt eg har lurt litt på, det om Vaslav Nijinskij”. “Ja”, seier Hauge, “Dieu de la dance, det var franskmennene som gav han det namnet.” Eg seier: “Når eg les diktet så fortel det om ein Kristusfigur ...”. “Ja, han identifiserte seg med Kristus”, seier Hauge. “Eg las om han i leksikon”, seier eg, – “denne Kristusidentifikasjonen, var det før eller etter han vart sinnssjuk?” Hauge seier: “Det spørst no om han var sinnssjuk, i alle fall skreiv han i denne tida noko av det største som nokon gong er skrive, – noko so ... djupptrengjande. Det er ikkje litteratur, det er Vent litt so skal eg henta boka”. Og han går inn i biblioteket. Kjem attende med to bøker: “Ja, det spørst no om han var sinnssjuk. Høh, dei leksikonforfattarane, dei skjønar ingen ting. Her! – denne boka har eg leita etter i 25 år og so fann eg henne tilfeldigvis i ein forretning i Oslo.” Han gjev boka til meg. Det er *The Diary of Vaslav Nijinsky*, Panther forlag. Hauge: “Det er noko med det største som er skrive”. Eg blar i boka. Hauge har streka under mange stader. Hauge har også den boka som er skrive om Nijinskij. Hauge går att og fram på golvet.

Me kjem til å snakka om ‘Ogmund rid heim’. “Har eg ikkje fortald deg om Ogmund?”, seier Jens. “Nei”. Og so fortel Jens og Olav H. saman. Om ulvikingen Ogmund som var pilegrim. Hauge seier: “Eg sa ein gong til Amlie, det var for 25 år sidan, at eg hadde lyst å skriva om Ogmund.

Og so gjekk det 25 år og eg skreiv det. Men i diktet står det at han rid over steppene i Ungarn. Eg oppdaga først etterpå at det ikkje er heilt rett. Han tok ein annan veg har dei funne ut. Men eg retta det ikkje. Og eg sa det til Georg Johannesen, og han sa: ‘Du gjorde rett, du gjorde rett’.” Og Hauge hentar Ulvikbøkene. Der står det om Ogmund

Me kjem på prat om mykje. Også fransk litteratur. Det er Hauge som kjem inn på det, for no driv han og les ei fransk litteraturhistorie som er sværande god, ei han kjøpte på Studia. Han hentar boka, ei tjukk bok. Og so går han ut att i biblioteket og hentar inn fem-seks bøker, fransk litteraturhistorie det òg. Men her er det teke med mange utdrag og dikt frå verka slik at det vert mest som ei lesebok. Han står og flir meg ei og ei. Seier noko om kvar bok. Og me kjem på snakk om Marcel Proust. Hauge går att og fram på golvet og fortel: “Det var ein rikmannsson, aristokrat. Men han gjorde det liksom ikkje til noko, gjekk berre og dreiv. So las han ein engelsk kunstkritikar. Og alle dei bileta han skreiv om, reiste Proust og såg. Det kunne vera i dei mest bortgøymde kloster. Han hadde tenar med seg. Når han tok inn på gjestgjeveri, leigde han også romma attved, og gjerne dei ovanfor og nedunder også, so det skulle vera heilt stille. Og han sat og hugsa og skreiv.”

I eine boka ser eg det står om Gerard de Nerval. “Du har nemnt han i eit dikt –” seier eg. “Jau”, seier Hauge, “Nerval ...”, men byrjar i staden å fortelja om Hugo, “ein stor diktar, han hadde slik makt over orda”.

Klokka går mot tolv, og me drikk sider. “Her var forresten ein franskmann her”, seier Hauge, “ein fransk lyrikar, og so var han champion på sykkel”. Han leitar inn på rommet om han finn boka hans, men gjer ikkje det.

Men natta lid, og me finn at me må sjå oss ned att. Hauge føl oss ut på trammen. Jakka heng på spikaren. Me går ut saman. Månen er framme, stor, om lag tre fjerdepartar. Me står ut for tekkja og pratar. Skimtar andletet til Hauge i mørket. Taket skyggjer for månen her. Hauge meiner det er best å gå ned vegen, men Jens seier han er so kjend med å gå ned hagen. Me går bort i kanten av hagen, på den plassen dei hadde bål olsokkvelden, før i tida. Det er ei vårnatt, månen, epletrea, plommetrea. Elva susar. Og det er stille, stille. Me vert ståande og prata ei heil stund. Hauge fortel om far sin. Han var kårkall og so bygde han seg dette huset. Før han bygde i tredveåra, budde ein annan mann her. Hauge hugsar han godt. Han sette trehesjar ned i jorda tidleg, og venta so på at graset skulle veksa. Og medan han venta, sat han i solveggen og song salmar. Hauge ler. “Eg hugsar ein gong eg var nede i skykkja hans. Der var ei bok, og eg spurde om eg kunne få henne. – Jau. Og so snudde han seg mot far ...” – Hauge snur, går nokre steg bortover, og står med ryggen mot oss – “og so sa han etterpå: ‘Ungdommen har godt av at lese slik litteratur’”. Og Hauge snur seg og ler. Og so fortel han om Daue. “Ja, David var no namnet, men det vert Daue i Ulvik. – Han var løyen ser du, for prestekjerringa fekk, eller skulle ha, ein unge. Med det same han hørde det so sprang han alt han kunne den lange vegen til lensmannen og sa at det var ikkje hans skuld at ho skulle ha ein unge.” Me ler av saga.

Omsider tutlar me ned att. Hauge går inn døra. Då eg snur meg er det tomt ut for huset hans. Jens og eg går ned gjennom hagen. Me legg oss i rommet til Jens. Det var fint å stå der utanfor huset og prata med Hauge. Månen skein, den var eit lite vinddrag. Og me tre i der i kanten av hagen i halvmørkret. Andleta har noko eige over seg då.

REFERAT FRÅ STYREMØTE 17. NOVEMBER 2008

Tanks videregående skole, Bergen

Til stades: Torbjørg Austrud, Johannes Bleie, Øystein Hide, Daniel Hydle, Unni Solem (referent), Stephen J. Walton.

Kristin Helle Valle var dessutan invitert til å delta frå midt i møtet for å orientera om Hauge-Tveitt-jubileet.

Før start på saklista gjekk vi ein runde kring bordet for at kvart styremedlem skulle få presentera seg for dei andre. I denne runden kom det fram mykje tankar og engasjement frå dei ulike.

Sak 1: Referat frå årsmøtet 2008.

Referatet er alt lagt ut på heimesida. Medlemstalet er no om lag 250. Johs meiner auken skuldast auka info og verveaksjon som Øystein sette i gang førre styreperiode. Honnør for dette!

Referatet vart godkjent.

Sak 2: Tildeling av Kulturarbeidarprisen for 2008 til Venelaget.

Styret drøfta disponering av prispengane frå Hordaland fylkeskommune på kr 30 000 og plassering av diplommet.

Denne prisen viser at vi vert tekne på alvor i konkurranse med eit sterkt og mangfaldig frivillig kulturliv. Han bør inspirera til at vi tek oss sjølve seriøst og er synlege.

Prispengane skal nyttast til å synleggjera Venelaget, sjå m.a. neste sak. Diplommet må på sikt få ein naturleg plass i Dokumentasjonsenteret. Styret har ønske om å få disponera eitt rom i Dokumentasjonsenteret, eit rom som kan vera arbeidsstad for medlemmene når dei treng det. Johs

gjer framlegg om at Venelaget har ei fast lysing i Dag og Tid ein gong i veka, – dette vil kosta 3-4000 kr./år. Styret slutta seg til dette framlegget.

Sak 3: Heimesida vår, bruk og utvikling.

Øystein gjer framlegg om at vi kjøper webtenester frå firmaet dform.no på Voss. Det vil kosta 2-3000 kr. årleg. Alle styremedlemmer vil ha tilgang som skribentar. Øystein kan ta på seg redaktøransvaret vidare. Styret sluttar seg til dette framlegget.

Venelaget si heimeside skal vera informasjonskanal og kommunikasjon til og mellom medlemmene, og syna andre kva vi driv med. Kunnskapsbase om Olav H. Hauge skal liggja andre stader (Hauge-senteret), som vår side er linka til.

Heimsida vår kan ha ei gjestebok der ein vert utfordra til å dela ”Mi lesaroppleving” og andre tankar kring poesi og litteratur.

Elles ønskjer styret å bidra til formidling på ymse måtar der diktaren vert knytt opp mot anna aktivitet, t.d. ved musikk, faglege møte, ”happenings” i samarbeid med andre kulturinstitusjonar.

Sak 4: Arbeidsoppgåver for styret frametter, fordeling av oppgåver.

- Styret drøfta samarbeidet med Dokumentasjonssenteret og prosjektleiar her. Semje om at det er viktig at Venelaget stør prosjektleiaren og kan delta i ei gruppe som kan fungera som inspirasjon og idébank for prosjektleiar. Det er naturleg at leiaren deltek i dette arbeidet lokalt i Ulvik. Andre kan trekkast inn og haldast orienterte.
- Medlemsbladet: Dei redaksjonelle oppgåvene ligg framleis på Øystein. Dei andre styremedlemmene må vera aktive med innspel til stoff. Trykking som før i Bergen ved Allkopi. Dei praktiske oppgåvene med utsending gjer Torbjørg og Unni. Øystein hadde

innhaldet til første hefte klart, og målet er å senda dette ut til jul, med giro for medlemspengar innlagt.

- Vidare dialog med familien på Rossvoll: Viktig, men koordinera med Dokumentasjonssenteret. Styret ønskjer eit arrangement på Rossvoll ved neste poesifestival. Når det gjeld boksamlinga, synest det over tid risikabelt og ikkje tilrådeleg at dei er plasserte i eit trehus (brannfare) og som heller ikkje er i bruk (temperatursvingingar, fukt som kan skada bøkene). Poenget med at boksamlinga er intakt, er at ho skal kunna nyttast av forskarar. Ein må stilla krav til lokale m.o.t ljøs, temperatur, brannsikring.
- Andre oppgåver vil vi drøfta vidare på neste styremøte.

Sak 5: Ymse

Kristin Helle Valle fortalte om arbeidet med Hauge-Tveitt-jubileet. Svært inspirerende å høyra. Ho rår oss til å finna aktivitet som kan skapa begeistring! Poesifestivalen har eit større marknadspotensiale, kan splittast opp og organiserast annleis etter hennar meining. Finn andre former, andre samarbeidpartar, t.d. Litteraturhuset i Oslo og Universitetet i Bergen. Bergen Bibliotek overtek heimesida til jubileet, og kan og vera ein stad å arrangera litteraturtreff.

Takk til Kristin for glødande engasjement som ho formidla til oss.

Neste styremøte vert måndag 9. februar kl 18., same stad ved Tanks vg. Varafolk skal kallast inn til styremøta.

REFERAT FRÅ STYREMØTE 9. FEBRUAR 2009

Tanks videregående skole, Bergen

Til stades: Torbjørg Austrud (referent), Johs Bleie, Øystein Hide, Daniel Hydle, Unni Solem, Stephen J. Walton.

Sak 1: Referat frå møtet 17. november

Godkjent utan merknader.

Sak 2: Unni refererte frå møte med Stiftinga

Ida Holen har sagt opp stillinga som prosjektleiar. Stillinga er utlyst og det melde seg fleire søkjarar. Tre vart kalla inn til intervju. Guro Ljone – dotter til Torunn Ljone var ein av søkjarane og derfor vart Torunn ugild og Unni gjekk inn i hennar stad. Ingen er pr. dato tilsett, men Eirik Helleve har teke på seg å skriva søknad til Norsk kulturråd.

Boksamlinga. Styret i Stiftinga har gjort vedtak om å flytte boksamlinga frå Rosvoll til heradshuset når dette er klart. Det vart stilt fleire spørsmål ved dette: Har Bodil dokument på kven som eig bøkene?

Ulvik herad må ha dokument på at bøkene er kjøpt og tilhøyrrer heradet? Stein Olav hevder å ha dokument på at bøkene tilhøyrrer heime
....

Uansett – det bør lagast ei skikkeleg markering av at ”bokskatten” vert overført til ny stad!

Sak 3: Torbjørg refererte frå samrådsmøtet med Ulvik

Festivalutvikling

Amboltprisen vil Venelaget framleis ha hand om, men utgiftene må vi diskutere.

Ung poesi og Studiestipend bør vi oppretthalda. – Øystein føl opp vinnarane. Erlend – kunne han ha eit seminar for unge ”dikterspirer”?

Haugeseminar – kvar poesifestival? – mellom festivalane? Vil/kan Venelaget arrangere dette? Venelaget har ambisjonar om å arrangera eit seminar under Poesifestivalen 2010.

Sak 4: Heimesider

Øystein går vidare med firma for å oppdatere sidene.

Sak 5: Medlemshefte m.m.

Neste medlemshefte bør koma april/mai.

Øystein tek på seg redaktørjobben. Vi i Ulvik kan sende det ut.

Innhald: Johs har skrive fleire notisar.

Oppmuntre lesarar om å koma med innspel.

Bruke medlemsheftet til å utfordre medlemmane til å kome med innlegg.

Presentere framlegg til tema for neste konferanse – Stephen skriv om dette i eit av dei komande hefta.

Sak 6: Seminar

Det vart mykje diskusjon om tema og korleis få dette til. Styret konkluderte med at me har ambisjonar om å få til eit seminar under Poesifestivalen 2010, men at universitet/høgskuler må vera delaktige i arrangementet på eit eller anna vis. Stephen tok på seg å skissera eit

opplegg – gjerne i tilknytning til eit samarbeidsprosjekt som han arbeider med i lag med høgskulen i Volda, Universitetet i Stavanger, Høgskulen i Sogndal og Bergen om formidling av nynorsk i skulen.

Sak 7: Diverse

Johs prøver å få Henrik Mestad til Bergen med si førestilling ”Ein tanke slo meg”.

Diktarvegen RV13 – seminar i Ulvik 15. og 16. april. (Adresse til program: http://www.nashornet.no/doc/diktarvegen_konferanse_nettt.pdf)

RV 13 – Fjordvegen – går frå Sandnes i Rogaland til Førde i Sogn og Fjordane. Langs denne vegen er fem norske forfattarar fødde: Arne Garborg, Rasmus Løland, Olav H. Hauge, Per Sivle og Jakob Sande.

Sak 8: Neste møte

Vert heldt **15. juni 2009 kl. 1800 i Ulvik.**

REFERAT FRÅ STYREMØTE 18. JUNI 2009

Hakastad, Ulvik

Til stades: Unni Solem, Daniel Hydle, Torbjørg Austrud (referent).

Forfall: Øystein Hide, Stephen Walton, Johs Bleie. Elin Rondestveit var innkalla, men kunne ikkje møte.

Sak 1: Godkjenning av innkalling, sakliste og referat

Innkalling og sakliste godkjent.

Referat frå møte 9. februar 2009 vart godkjent.

Sak 2: Status Haugesenteret

Søknad til Norsk kulturråd er sendt (låg ved innkalling til møtet) og Haugesenteret har fått 75 000 kr. til forprosjektet.

Samlaget har oppnemnt nytt medlem i styret – Audun Heskestad.

Vigdis Nilsen sitt prosjekt – diktgalleri – vart orientert om.

Tenkjer seg opning av senteret i 2013.

Guro Ljone er tilsett i 3 mnd. ut september.

Kva rolle skal Venelaget ha i høve til Dokumentasjonssenteret?

Sak 3: Status Poesifestivalen og programkomiteen

Festivalen 2010 har tema *Kvardag*. Programkomiteen har ei rekkje tankar så langt. (Meir info om dette kjem etter kvart som programmet vert klart.)

Sak 4: Venelaget og Hauge-konferansen

Viser til tankar frå sist møte i februar. Arne Skjerven har stilt spørsmål om vi skal tilby lærarar og andre til konferanse og evt. samarbeide med

dei regionale kursarrangørane i Hardanger og Voss. Skjerven har teke initiativ overfor Stephen. Unni tek på seg å skrive ein søknad dersom Stephen snekrar ei råma til program. Søknad bør sendast innan 15. aug. 2009.

Seminaret/konferansen vil vera ein del av festivalen, men må ha eige program og marknadsførast gjennom eigne kanalar (for undervisningsinstitusjonane?) Dersom vi held på tema formidling av nynorsk, vil det vera interessant for mange grupper (lærarar, studentar, literaturinteresserte ...).

Kunne Venelagsmedlemmer som også deltek på konferansen ta på seg å vera vertskap for konferansen?

Sak 5: Amboltprisen, Ung Poesi og Studiestipend

Unni tek kontakt med Aud Hamre i august for å iverksetta nemnda som føreslår kandidat til Amboltprisen. Bør ha kandidaten klar i god tid.

Sak 6: Heimesida

Vi bør få heimesida opp å gå.

Vi bør få ut eit medlemshefte tidleg sommar. Medlemspengar – purring – bør sendast ut no.

Viktig at folk får livsteikn frå oss.

Unni kontakter Øystein for framdrift.

Neste møte vert halde 19. oktober i Bergen.

ARTIKKEL AV OLAV H. HAUGE

I Norsk Årbok 2007 (utgjeve av Høgnorskringen) er prenta oppatt ein artikkel av Olav H. Hauge frå 1950. Det er artikkelen “Fjellet kring Uppsæte, Hallingskeid og Finse i eldre tid”. Artikkelen stod fyrste gong prenta i Den norske Turistforenings Årbok og er prenta oppatt i Norsk Årbok med løyve frå Bodil Cappelen.

Vonleg vil artikkelen ha interesse for medlemene i Venelaget Olav H. Hauge. Høgnorskringen sel Norsk Årbok for 150 kr (frakta er inkludert).

For Høgnorskringen

Gudmund Harildstad

Tlf. 22 85 43 90 / 22 46 30 41

Mobil 928 50 519

VEDTEKTER FOR VENELAGET OLAV H. HAUGE

Vedtektene vart samrøystes vedtekne på skipingsmøtet 21. august 1999 på Elvatun i Ulvik.

1. Namnet på laget er "Venelaget Olav H. Hauge".
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad.
5. Venelaget skal ha medlem i styret for eit museum knytt til diktarheimen til forfattaren på Rossvoll, og ein medlem for dei kommunale poesidagane. Det skal veljast varafolk for desse to.
6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren er på val ved kvart årsmøte, medan dei andre i styret og på varalista går skiftesvis ut, slik at styremedlem, skrivar og ein av varafolka på skipingsmøtet vert valde for ein bolc.
7. Årsmøtet vert halde i samband med "Poesidagane i Ulvik", annakvart år. Årsmøtet skal kunngjerast minst ein månad på førehand. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbolc. Årsmøtet vel òg valnemnd og ettersyn. Vala er for to år.
8. Omframt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemane krev det.
9. Endringar av vedtektene eller eit krav om oppløysing av venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei frammøtte er samde om det. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdiar gå til museet, som ber namnet til Olav H. Hauge.

Svarhe Krossen
i kvite skje
lister: regnet grønt

STYRET OG ADRESSER

På årsmøtet på Rossvoll laurdag 20. september 2008, vart dette styret valt:

- Styreleiar: Unni Solem, Ulvik (Venelaget sin representant i Olav H. Hauge-stiftinga)
- Nesteleiar: Øystein Hide, Ely (Cambridgeshire, UK)
- Styremedlem: Johannes P. Bleie, Bergen
- Styremedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik (Venelaget sin representant i Ulvik Poesifestival)
- Styremedlem: Stephen J. Walton, Volda/Stavanger

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: styret@venelagethauge.no

Adresse: Venelaget Olav H. Hauge
v/Unni Solem
Postboks 5, 5731 Ulvik
Telefon og SMS: 91695164

Fundes de klake uve
Olav H. Hauge